

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.04.2021

Silje Ekeland Bjørkly (H) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Bybanen AS. Bjørkly trådte frå under behandlinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Bjørkly var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e nr. 2.

Det var 16 representantar tilstades under behandling av saka.

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune støttar å redusere talet aksjonærvalde styremedlemer i Bybanen AS frå sju til seks, i samband med at styret skal få ein ny medlem valt av og blant dei tilsette.
2. Vestland fylkeskommune støttar at vedtektene vert endra slik at det framgår kven som peikar ut dei ulike styremedlemene.
3. Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant røystar for desse endringane dersom dei vert føreslegne på selskapet si generalforsamling 29.04.21.